

NVE  
Konsjesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Førde 04.04.2016

## HØYRINGSFRÅSEGN: SØKNAD OM BYGGING AV SESSAELVA KRAFTVERK I GLOPPEN, SOGN OG FJORDANE

### Om Sogn og Fjordane Turlag

Sogn og Fjordane Turlag(sjå [www.turistforeningen.no/sognogfjordane](http://www.turistforeningen.no/sognogfjordane)) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 6.437. Kraftverket ligg i Midtre Nordfjord Turlag sitt virkeområde, sjå: <https://mnht.dnt.no/>.

### Om friluftliv i det aktuelle området:

Kraftverket vil ligge i Hyefjorden, som ligg mellom Ålfoten- og Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Området aust for nedslagsfeltet har fine turområde, men her er ingen T-merka ruter som turlaget har ansvar for.

### Kommentar til utbyggingsplanane:

#### **2.1 Hovuddata:**

Vassdraget har ei avrenning som gir ein 5-persentil sommar på 17 l/s, og vinter 10 l/s. I hovuddata 2.1 står det at kraftverket vil ha ei minstevassføring som tilsvrar 5-persentil, både sommar og vinter. I samandraget side 3 i søknaden, og punkt 3.1 – hydrologi, står det derimot at det er planlagt minstevassføring med 12 l/s både sommar og vinter. Turlaget si oppfatning er at ein minst bør ha ei minstevassføring som tilsvarer 5-persentil, og reknar med at det er det som er meininga.

#### **2.2.5 Vannveg**

Det er skissert to forskjellige måtar å bore vannvegen, med stor forskjel i trong for deponering av masse. Av søknaden går det ikkje tydeleg fram nøyaktig kvar, og korleis dette skal gjerast, men vi reknar med at NVE syter for at dette blir gjort på ein mest muleg skånsom måte.

Vidare må det sorgast for at intaksinstallasjonen, og stasjonsområdet vert bygd på ein mest muleg skånsom måte i terrenget.

#### **3.6 Terrestrisk miljø:**

Verdien i området er i NNI-rapport 321, sett til liten til middels verdi, med funn av meir krevande moseartar i overgangssona mellom elvemiljøet og skogsnaturen, samt funn av ein rødlistea lav.



Synfaringa i samband med rapporten er føreteke så seint på året som 10.oktober.  
Turlaget ser ikkje bort frå at ei synfaring i sommarmånadane kunne gitt eit anna resultat.

### Konklusjon

Nedslagsfeltet til Sessaelva kraftverk ligg i eit bratt, og vanskeleg tilgjengeleg terreng i Hyefjorden. Området er ikkje nytta særleg til friluftsliv, og det er ikkje gjort viktige funn av skjeldne artar. Sjølv om det etter kvart er mange utbygde vassdrag i Gloppen kommune, og fleire kan bli utbygde, vil ikkje Sogn og Fjordane Turlag gå i mot at Sessaelva kraftvert får konsesjon.

Mvh  
Sogn og Fjordane Turlag, naturvernutvalet.

Agnar Åsnes  
Tlf 99046042



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde  
E-post: [sogturla@online.no](mailto:sogturla@online.no)  
Organisasjonsnr. 971 529 474

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde  
Heimeside: [www.turistforeningen.no/sognogfjordane](http://www.turistforeningen.no/sognogfjordane)  
Bankkonto: 3705 03 32455

Tlf. 57 72 06 14